



Runar Olsen
Nordagutuvegen 540 A
3820 Nordagutu

Dykkar ref:

Vår ref:
2021/1548-2

Saksbehandlar:
John Kjell Lien,

Arkivkode:

Dato:
11.08.2021

Søknad om løyve til å tømme tette septiktankar gbnr. 43/49 og 43/50

Syner til dykkar søknad om løyve for Renovest IKS til å tømme septiktankar.

Avløpsanlegget på dykkar tomter 43/49 og 43/50 er ulovleg bygd. Det er ikkje i samsvar med reguleringsplan å etablere slike anlegg i dette hyttefeltet, samt at slike anlegg er søknadspliktige.

Skal ein etablere slike avløpsanlegg, krev kommuneplanen at ein må omregulere.

Pkt 2.3.1 og 6.4.2 i Kommuneplanen stiller krav om reguleringsplan ved vidare utbygging/ending av område/ hytter.

Vi visar også til forureiningslova og forskrift om utslepp frå separate avløpsanlegg om at etablering av slike anlegg krev utsleppsløyve, noko det ikkje er gjeve i dette tilfelle.

Har undersøkt i våre arkiv, der er dokument/ brev til deg som syner at du tidlegare er pålagt å fjerne dette ulovleg bygde anlegget.

For å unngå forureining i denne situasjonen nå, må du kontakte Renovest IKS på e-postadresse: post@renovest.no for bestilling av tøming av tankane.

På grunnlag av at anlegget er ulovleg bygd, påleggast det fjerning. Det må fjernast både innvendige og utvendige installasjonar.

Det gjevast frist til 1. november 2021 med å fjerne anlegget. Dette er å sjå på som førehandsvarsel ihht Plan og bygningslov §32-2.

Vi imøteser dokumentasjon på at avløpsanlegget er fjerna. Dokumentasjonen skal vere bilder og erklæring frå utførande om at fjerninga er utført.

For Fyresdal kommune

John Kjell Lien
kommunalsjef plan og teknikk

Dokumentet er sendt elektronisk og har derfor ikkje underskrift

Kopi til:
RENOVEST IKS Ordalsvegen 63 3850 KVITSEID